



SAMLA SAKSFRAMSTILLING

Tysnes kommune

Arkivsak : 20/483 -
Arkivkode: 209

Sakshandsamar: Steinar Dalland

Handsamingar:

Utvalsaknr.	Utval	Møtedato
PS 57/20	FORMANNSKAPET	11.06.2020
PS 52/20	KOMMUNESTYRET	16.06.2020

VIGSELSMYNDE - FULLMAKT

Vedlegg: RUNDSKRIV Q 11 2017 OM KOMMUNALE VIGSLER(1).PDF

SAKSUTGREIING:

Kommunestyre har tidlegare handsama to prinsipp saker knytt til kommunal vigsel, den eine saka var knytt til bakgrunn for innføringa, den neste saka var knytt til eit betalingsregulativ og prinsipp for vigsel utanom ordinær opningstid.

I kommunestyre PS 58/17 vart det gjort slikt vedtak om kven som har høve til å utøva vigselsmynde:

«I tillegg til ordførar og varaordførar, får rådmannen fullmakt til å gjennomføra vigsjar med verknad frå 1. januar 2018.»

Ordførar og varaordførar har slikt mynde etter lova medan rådmannen vart tildelt mynde etter kommunestyre sitt vedtak. I saka vart følgjande vurdering lagt til grunn for tildeling av vigselsmynde:

«Ordførar og varaordførar har vigselsmynde i kraft av sine roller. Det kan vera hensiktsmessig at det i alle fall vert utnemnd ein vigsjar utover desse. Dersom me ser kva kommunar i nærområde har gjort og tar utgangspunkt i forarbeida om at det også bør vera ein politisk nøytral vigsjar er det naturleg at rådmannen får tildelt vigselsmynde i tillegg.»

I 2017 forventa me også at det ville vera ein god del vigslar utanom kontortid og der brurepar gjerne ikkje var heimehøyrande i Tysnes:

«Me veit at allereie i dag er det relativt stor etterspurnad etter kyrkjelege vigslar mellom brudefolk som ikkje er heimehøyrande i Tysnes. Dette har naturleg samanheng med at Tysnes er ein vakker stad med gode fasilitetar for ein flott bryllaupsfest! Rådmannen meiner at borgarleg vigsling også kan vera eit bidrag til eiga vårt eige nærings-/reiseliv og at me såleis bør opna for vigsling utover dei som har lovfesta rett til det. Det bør då utarbeidast nærare retningsliner for betalingsssatsar for slik vigsel etter forskrifta § 4. «

Me har no fått litt erfaring med gjennomføring av kommunale vigslar og me ser at dei vurderingane me gjorde i 2017 i stor mon har slått til. Me ser at det særskilt i sumarmånadane er ein viss etterspurnad etter vigsling utanom ordinær kontortid, desse har så langt vorte delt mellom ordførar, varaordførar og rådmann. Det er nok likevel slik at ordføraren får ein stor del av desse, og sjølv om det er kjekt arbeid så gjev det også noko vanskar knytt opp til ferieavvikling. Me vil med denne bakgrunnen be kommunestyre om å gjera ei vurdering på om det kan utnemnast ein vigslar i tillegg til dei tre her nemnde.

I ekteskapslova § 12, 1. ledd, litra b) står det:

«Vigslere er: ordførere, varaordførere, og kommunalt ansatte eller folkevalgte som kommunestyre selv gir slik myndighet.»

Det går klart fram av lovteksten at det berre er kommunestyre sjølv som har mynde til å utnemna vigslarar. For å kunne få tildelt slikt mynde på vegner av kommunen er det krav om at den som vert utnemnd anten er tilsett i kommunen eller er folkevalt.

Kommuneloven definerer folkevalte som medlemmer av kommunestyre og personar som eit folkevalt organ har valt inn i et folkevalt organ, eller eit anna kommunalt organ. Dersom me skal definere kva det inneber å vera tilsett så er det naturleg å leggja til grunn arbeidsmiljøloven sin definisjon etter § 1-8, (1):

«Med arbeidstaker menes i denne lov enhver som utfører arbeid i annens tjeneste.»

Det er i dag slik at dei fleste vigslar som vert utført utanom kontorstad og –tid skjer på Haaheim Gaard. Eit alternativ kan då vera å tildela Torstein Hatlevik vigselmynde på vegner av kommunen i tillegg til dei som kommunen tidlegare har utnemnd til vigslarar.

Den nemnde kandidaten er per i dag korkje tilsett eller folkevalt etter dei definisjonane som er lagt til grunn ovanfor. I rundskriv frå Det kongelige barne og likestillingsdepartement av 2017 gjer departementet greie for vigselmynde i kommunane. Rundskrivet gjer greie for reglar knytt til oppretting og avslutning av vigselmynde. Det går vidare fram at kommunestyre sjølv må vurdere kven som er eigna til oppgåva, det er ikkje krav om særskilt teoretisk eller praktisk utdanning. I rundskrivet går det også fram at kommunen kan tilsetja ein eigen vigslar. Dersom

kommunestyre vil vurdere ovannemnde kandidat er det tilsetjing som vil vera rett framgangsmåte.

Normalt ligg tilsetjingsmynde til rådmannen, dersom me skal tilsetja ein eigen vigslar så må kommunestyre sjølv gjera slikt vedtak.

INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:

Tysnes kommune tilset Torstein Hatlevik som kommunal vigslar.

Tysnes kommune gjev Torstein Hatlevik fullmakt til å gjennomføra vigslar med verknad frå og med 1. juli 2020.

Rådmannen får fullmakt til å teikna avtale om tilsetjing.

HANDSAMING I FORMANNSKAPET 11.06.2020:

Representanten Anne Merete Fjeldstad sette fram slikt framlegg til vedtak:

«Saka vert utsett og går direkte til kommunestyre for handsaming.»

Ved avrøysting røysta 6 representantar for utsetjing i samsvar med framlegg frå representanten Anne Merete Fjeldstad (H, Sp, Ap) 1 representant røysta mot framlegg om utsetjing (Frp).

VEDTAK I FORMANNSKAPET 11.06.2020:

Saka går direkte til kommunestyre for handsaming.

HANDSAMING I KOMMUNESTYRET 16.06.2020:

Representanten Torstein Fjeldet Lunde sette på vegner av Høgra fram eit slikt framlegg til vedtak:

«Tysnes kommune tilset Torstein Hatlevik som kommunal vigslar. Rådmannen får fullmakt til å teikna avtale om tilsetjing.

I tillegg til ordførar, varaordførar og rådmann vert følgjande personar tildelt fullmakt som vigslarar for perioden 1. juli 2020 til 31. desember 2022:

1. Jannike Epland Dalland (H)
2. Kristi Sandvik Pedersen (H)
3. Kristin Teigland Gjerstad Kleppe (Sp)
4. Anne Merete Fjeldstad (Ap)
5. Magnar Solheim (Frp)

6. Torstein Hatlevik

Kommunestyret ber rådmannen sondera om det er andre som er interesserte i og eigna som tilsette kommunale vigslarar. Rådmannen vert bedt om å koma attende til kommunestyret med sak om dette.

Kommunestyret ber om at bestillingsskjema til kommunen om kommunal vigsel må oppdaterast, slik at dei som bestiller vigsel kan velja den vigslaren dei prefererer skal gjennomføra vigslinga. «

Representanten Øystein Dalland uttrykte på vegner at Sp at dei er positive til framlegget som vart sett fram av representanten Lunde, men at dei tilrår at tredje avsnitt vert teke ut av framlegget.

Representanten Anne Merete Fjeldstad sette på vegner av Ap fram slikt framlegg til vedtak:

«Følgjande personar vert tildelt fullmakt som vigslarar for perioden 1. juli 2020 til 31. desember 2022:

1. Jannike Epland Dalland (H)
2. Kristi Sandvik Pedersen (H)
3. Kristin Teigland Gjerstad Kleppe (Sp)
4. Anne Merete Fjeldstad (Ap)
5. Magnar Solheim (Frp)

Kommunestyret ber rådmannen sondera om det er nokon som er interesserte i og eigna som tilsette kommunale vigslarar. Rådmannen vert bedt om å koma attende til kommunestyret med sak om dette.

Kommunestyret ber om at bestillingsskjema til kommunen om kommunal vigsel må oppdaterast, slik at dei som bestiller vigsel kan velja den vigslaren dei prefererer skal gjennomføra vigslinga. «

Representanten Torstein Fjelde Lunde sette på vegner av Høgre fram slikt justert framlegg:

«Tysnes kommune tilset Torstein Hatlevik som kommunal vigslar. Rådmannen får fullmakt til å teikna avtale om tilsetjing.

I tillegg til ordførar, varaordførar og rådmann vert følgjande personar tildelt fullmakt som vigslarar for perioden 1. juli 2020 til 31. desember 2022:

1. Jannike Epland Dalland (H)

2. Kristi Sandvik Pedersen (H)
3. Kristin Teigland Gjerstad Kleppe (Sp)
4. Anne Merete Fjeldstad (Ap)
5. Magnar Solheim (Frp)
6. Torstein Hatlevik

Kommunestyret ber om at bestillingsskjema til kommunen om kommunal vigsel må oppdaterast, slik at dei som bestiller vigsel kan velja den vigslaren dei prefererer skal gjennomføra vigslinga. «

Nytt framlegg frå representanten Lunde erstatter det tidlegare framsatte framlegget frå same representant.

Det vert frå rådmannen si side presisert at den som tingar vigsel kan velja ved å gje uttrykk for kven dei ønskjer skal gjennomføra vigsel, i siste omgang vil kommunen måtte tildele vigslar ut frå kva som er mogleg. Det vert sjølvsagt lagt vekt på brureparet sine ønskjer.

Ved avrøysting var dei to framlegga sett opp mot kvarandre, framlegg frå representanten Fjeldstad fekk 5 røyster (Ap, Krf), framlegget frå representanten Lunde fekk 16 røyster (H, Frp, Sp).

VEDTAK I KOMMUNESTYRET 16.06.2020:

Tysnes kommune tilset Torstein Hatlevik som kommunal vigslar. Rådmannen får fullmakt til å teikna avtale om tilsetjing.

I tillegg til ordførar, varaordførar og rådmann vert følgjande personar tildelt fullmakt som vigslarar for perioden 1. juli 2020 til 31. desember 2022:

1. Jannike Epland Dalland (H)
2. Kristi Sandvik Pedersen (H)
3. Kristin Teigland Gjerstad Kleppe (Sp)
4. Anne Merete Fjeldstad (Ap)
5. Magnar Solheim (Frp)
6. Torstein Hatlevik

Kommunestyret ber om at bestillingsskjema til kommunen om kommunal vigsel må oppdaterast, slik at dei som bestiller vigsel kan velja den vigslaren dei prefererer skal gjennomføra vigslinga.